

# Kunnskapsgrunnlag – risiko


Vedlegg til kommunedelplanen for Sveio sentrum

## Flaum

Det nye aktsemdskartet (2020) frå NVE for flaum er basert på betre terrengdata og landsdekkande datasett og det viser på oversiktsnivå kva område som kan vera potensielt utsett for flaumfare. I aktsemdskartet er det inkludert eit område på minimum 20 m frå kant av elv. Kartet er vurdert å gje tilstrekkeleg dokumentasjon mot flaumfare tilpassa kommuneplannivået. Jf aktsemdskartet <https://www.nve.no/flaum-og-skred/kartlegging/aktsemdkart/aktsomhetskart-for-flom/>



NVE sitt flaumsonekart viser kva område som blir oversvømt i ein flaumsituasjon og med kva gjentakintervall. Det er ikkje nokre plassar i Sveio der det er registrert flaumsoner i NVE si kartlegging over slike soner. Nærmaste område er i Etne og i Sauda.

I tillegg viser NVE sine kart over historiske flaummar gjennom tidene at det ikkje er på vestkysten dei store flaumane skjer.




Kjelde: <https://temakart.nve.no/tema/Flomhendelser>

Aktsemdskartet for flaum viser område med risiko for auka vasstand




Det er ikkje teke omsyn til mogleg stormflo i elvane sine utlaupsområde til sjø, men dette vil uansett ikkje påverka sentrumsområdet, som ligg så høgt og langt frå sjøen jf. <https://www.kartverket.no/sehavniva/se-havniva-i-kart/> .





Aktsemdsområde for flaum

Kjelde: <https://atlas.nve.no/Html5Viewer/index.html?viewer=nveatlas>



Oversikt for maksimal vasstandstigning

Kjelde: <https://atlas.nve.no/Html5Viewer/index.html?viewer=nveatlas>

Oversikt over historiske flaumar gjennom tidene, vist i form av 5-, 10-, 100- og 200-årsflaumar (lyseblå = 5-årsflaum – mørkeblå = 200-årsflaum)



NVE – kartkatalog <https://kartkatalog.nve.no/#kart>

### **Stormflo og havnivåstigning**

Havnivået stiger av ulike grunner. Dels utvidar vatnet seg fordi temperaturen i havet gradvis blir høgare og isbreer på land og til havs smelter. Samtidig stoppast havnivåstigningen noko fordi landmassene fortsett stiger etter siste istid. Uansett kan vi venta oss ei havnivåstigning over tid og det vil merkast mest langs kysten. Det vil påverka dei bygningar, anlegg og tiltak som ligg i strandsona og det vil bidra til at framtidige stormfloar og bølger kjem høgare opp på land.





Tabellen under viser kor mange private bygningar som i Sveio vil vera oversvømte dersom det skjer ein stormflo i framtida. Utgangspunktet er havnivået som er estimert til å auka med 71 cm i 2090. Sjølv om ein 1000-års stormflo er vurdert å gje store verknader vil òg ein 20-års stormflo oversvøma meir enn 1000 bygningar, 2,1 km vegar og eit areal på 1,2 km<sup>2</sup>.

	Bygninger oversvømt (stk)				Veier oversvømt (km)		Areal oversvømt (km <sup>2</sup> )			
	Private bygninger	Privat næring	Offentlige bygg	Samfunnskritiske bygg	Offentlige veier	Private veier	Bebyggelse	Natur	Primærnæring	Offentlige anlegg
Oversvømt nå	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
20-års returnivå nå	1007	34	2	0	1,1	0,9	0,01	1,17	0,02	0
200-års returnivå nå	1042	37	2	0	1,2	1,4	0,01	1,29	0,03	0
1000-års returnivå nå	1058	38	3	0	1,2	1,5	0,01	1,35	0,03	0
Oversvømt 2090	904	26	2	0	1,1	0,4	0,01	0,97	0,01	0
20-års returnivå 2090	1125	46	3	0	1,3	2,2	0,04	1,65	0,04	0
200-års returnivå 2090	1150	47	4	0	1,4	2,5	0,05	1,8	0,05	0
1000-års returnivå 2090	1158	48	4	0	1,5	2,7	0,05	1,86	0,05	0
1m havnivåstigning	1058	38	3	0	1,2	1,6	0,01	1,37	0,03	0
2m havnivåstigning	1202	58	6	0	2	3,7	0,05	2,28	0,08	0
3m havnivåstigning	1266	62	7	0	4	5,7	0,06	3,31	0,17	0
4m havnivåstigning	1332	69	8	0	6	8	0,06	4,29	0,24	0
5m havnivåstigning	1421	75	9	0	7,6	10,5	0,07	5,26	0,31	0

<https://www.kartverket.no/sehavniva/se-havniva-i-kart/?activeLayers=Stasjoner&zoom=14&center=-44168,6640147&locationId=506205&aar=2090&margin=0&code=200YMAX>

NVE – kartkatalog <https://kartkatalog.nve.no/#kart>






Kjelde <https://www.kartverket.no/sehavniva/se-havniva-i-kart/?activeLayers=Stasjoner&zoom=12&center=-39575,6640497&locationId=10449026&aar=2090&margin=0&code=200YMAX>

## Skred

NVE har det overordna ansvaret for statlege forvaltningsoppgåver innan førebygging av flaumstader og skredulukker, men det endrar ikkje på kommunane sitt ansvar for å ta omsyn til tryggleik mot skred i arealplanlegginga og ved handsaming av byggjesaker.

Aktsemdskartet frå NVE for skred viser i september 2020 ikkje nokre særlege registreringar av skred, med unntak for nokre vest for Åsevatnet, ved Furevatnet og på Mannaberget. Her er det registrert både uspesifiserte skred og snøskred. Sjølv om det ikkje er registrerte tilfelle med skred i sentrumsområdet, inneber det ikkje at det ikkje kan vera område med skredfare i sentrum.

Dei registrerte skreda viser i utgangspunktet bere hendingar langs med riks- og fylkesvegane. Dette truleg fordi det har vore lang tradisjon å registrera slike i Statens vegvesen sine kartfunksjonar. Ein må anta at det har gått steinskred, snøskred og lausmasseskred andre plassar i kommunen gjennom åra, men at desse aldri har blitt registrerte nokon plass. I og rundt Sveio sentrum er det registrert eit lausmasseskred på Krossleite i 2013 og eit steinsprang på Bjelland i 1872




Kjelde: <https://temakart.nve.no/tema/SkredHendelser>

### **Aktsemdskart for snøskred**

Viser potensielle utløysings- og utlaupsområde for snøskred, og skal i første hand brukast som eit hjelpemiddel for vidare vurdering av skredfare.






Kjelde: <https://temakart.nve.no/tema/SnoskredAksomhet>

### **Aktsemdskart for jord- og flaumskred**

Aktsemdskart for jord- og flaumskred viser område med potensiell fare for jord- og flaumskred.



Kjelde: <https://temakart.nve.no/tema/jordflomskredaktsomhet>


### **Fjellskred**


Høgaste fjell i Sveio er Trollavassnibba, som er 432 moh. Når det gjeld fjellskred er det ikkje registrert noko faresone for slike i Sveio kommune.

### **Steinsprang**

Aktsemdskartet for steinsprang er eit landsdekkande kart som viser område der ein må utvisa aktsemd for steinsprang. Kartet viser potensielle utløysings- og utlaupsområde, men sei ikkje noko om sannsyn for steinsprang. Aktsemdskartet er baserte på helling på fjellsida, vurdert etter terreng der utløysing av steinsprang er mogleg, og effekten av lokale faktorar er ikkje vurdert, men det inneber ikkje at det ikkje kan skje slike der likevel. I Sveio sentrum er det vurdert å ikkje vera potensielle for steinsprang, men i vurderinga av ny utbyggingsområde bør det takast omsyn til helling og at det likevel kan vera risiko for steinsprang.







Kjelde: <https://temakart.nve.no/tema/SteinsprangAksomhet>

## Terreng - brattleik





**Bratthet\_snoskred**

- 0 - 27
- 27 - 30
- 30 - 35
- 35 - 40
- 40 - 45
- 45 - 50
- 50 - 90

Kjelde: <https://temakart.nve.no/tema/bratthet>

